

Boligblokka

Pappa

Kjønnsrollene i Noreg har forandra seg mykje gjennom dei siste tiåra. Ei av dei store endringane er at menn er blitt meir aktive foreldre og bruker meir tid saman med barna sine. I denne filmen møter vi ein familie der pappa er heimeverande, og vi opplever pappaen gjennom augo til sonen Marius.

Oppgåver

- Haldningane Marius har til faren, forandrar seg under filmen.**
 - Kvifor er Marius skuffa over faren først i filmen?
 - Kva er det Marius ser i fantasibileta sine?
 - Kvar kjem desse fantasibileta frå?
 - Kvifor trur du Marius forandrar haldning til faren utover i filmen?
- «Tidsklemma» er eit vanleg omgrep som blir brukt for å skildre det moderne familielivet. Kva betyr dette omgrepet?**
- Det er ulike grunnar til at foreldre vel å vere heimeverande eller jobbe deltid for å ta seg av hus og barn.**
 - Kva trur du er grunnane til at faren til Marius har valt å vere heimeverande?
 - Kvifor trur du det er flest kvinner som er heimeverande eller jobbar deltid?
- Drøft om familien til Marius er ein «normal» familie.**
- Meiner du at faren til Marius er maskulin? Grunngi svaret ditt.**
- Det er ulike haldningar og forventningar i samfunnet knytte til heimeverande og deltidsarbeidande foreldre.**
 - Drøft om det er sosialt akseptert å vere heimeverande for menn og kvinner i dag.
 - Kva slags haldning har du til heimeverande kvinner og menn?
 - Kva meiner du det vil seie å vere ein god forelder?

Lenkjer

Kjønnsroller www.ndla.no/nb/node/5126

Hvem er hjemmearbeidende i dag? www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/hvem-er-hjemmearbeidende-i-dag

Er norske menn feminister? www.aftenposten.no/nyheter/Er-norske-menn-feminisert-7209649.html#.Uhjwz1PtIKA

